

## INFORMASJON FRÅ A – Å

**Barnehageåret:** går frå 2. helga i august

**Betaling:** de får tilsendt faktura den 1. i kvar måned med 14 dagars betalingsfrist. Uteblir betalinga, vil de få brev frå økonomiavdelinga om utestenging frå barnehagen inntil fakturaen er betalt. De betalar for 11 månadar.

**Bleiar:** barn som brukar bleie tek dette med. For oss er det best å ha ein heil pakke ståande – og så gir vi beskjed når det blir tomt.

**Bursdagsfeiring:** denne dagen lagar vi litt ekstra stas på barnet – der ho/han får velje innhald på bursdagssamlinga og får sjølvstekt bursdagskrone. Bursdagsmaten blir valt av barnet, og laga her.

**Dagen i dag:** På oppslagstavla i garderoben skriv vi kort kva vi har gjort på i dag.

**Dugnad:** Det hender at vi kaller inn til dugnad i barnehagen, og vi set stor pris på at foreldre stiller opp og gjer ein innsats for fellesskapet.

**Ferie:** Alle born har rett og plikt på minst 3 veker samanhengande sommarferie. Styrar sender ut spørsmål om ferie i mars måned, og lagar deretter ein personalplan som passar. Sjå elles «Vedtekter for dei kommunale barnehagane».

**Foreldremøte:** Barnehagen inviterer til foreldremøte kvar haust. Om foreldrerådsstyret ønsker eit på våren, så gjer vi det.

**Foreldreråd:** Utgjer alle foreldra ved barnehagen. Foreldrerådet har høve til å uttale seg seg i saker som er viktige for foreldra sitt tilhøve til barnehagen. Rådet kan kalle inn til eigne møter.

**Foreldrerådsstyret:** Foreldrerådet vel 5 foreldre som utgjer styret. I foreldrerådsstyret sit og personalrepresentantar og styrar er sekretær.

**Foreldresamtale:** Alle foreldre får tilbod om foreldresamtale 2 gongar i året.. dette er ein individuell samtale – der foreldra og pedagogik leiar snakkar saman om barnet sitt trivsel og utvikling. Nye barn vil også få tilbod om ein startsamtale.

**Fråvær:** dersom barnet ditt skal ha ein fridag eller er sjuk, vil vi gjerne ha beskjed om det så tidleg som mogleg.

**Henting:** dersom barnet blir henta av andre enn foreldra, og dei som står på «bli kjend» skjema, må vi få beskjed om det.

**Juleferie:** i følgje vedtektene, er barnehagen stengt på julafta og i romjula.

**Kjøpedag:** dersom barnet ditt ikkje har full plass og du av ulik årsak treng ein ekstra dag, kan du ta kontakt med personalet og spørje om vi har ein ledig plass. Dersom vi

veit at vi ikkje har full gruppe den dagen, kan du få kjøpe ein dag. Det kostar kr 200,- for heil dag og kr 100,- for ein halv dag.

**Klesskift:** borna treng godt med klessift her i barnehagen. Sjekk korgene deira ofte.

**Leikar:** vi har bra utval av leikar her i barnehagen, så borna treng ikkje ta med leikar heimanifrå. Barnehagen har ikkje økonomisk ansvar for private leikar/cd-ar eller liknande som borna tek med seg. Spesielle leikar/kosedyr er sjølvstøtt heilt lov for dei som treng det til kvilestunda.

**Medisinering:** I dei fleste tilfella er det foreldra som gir medisin. Om vi skal ordne det i barnehagen, er det viktig at at medisinen blir gitt til eit personal, for den skal ikkje ligge i sekken til barnet. Vi har faste prosedyrer for medisinering som foreldre skal signere på.

**Merking av tøy:** vi ber om at foreldre merkar alt tøy som borna har med i barnehagen. Det er ikkje lett å halde oversikt på alle klede, og det er trist når det er plagg vi ikkje finn att. Skjema for bestilling av merkeband kan de få i barnehagen (strykemerker), men det fungerer fint med sprittusj også.

**Måltid:** vi har eit hovudmåltid kvar dag kl 11.00. Born som kjem tidleg kan ete medbrakt frukost her fram til kl 08.30. Alle får frukt/ youghurt/ evt skive/knekkebrød kl 14.30. Kvar avdeling lagar varmmat eller bakar ein gong i veka. Kostpengar er kr 350 for full plass. Denne kjem på fakturaen.

**Opningstid:** barnehagen er open kvar dag frå kl 06.45 – 17.00

**Porten:** Det er viktig for sikkerheita til borna at portane til ei kvar tid er låst. Det er fort gjort at nokon spring framfor ein bil, og det kan vere mange bilar samtidig ved henting om ettermiddagen. Alle born skal vente på innsida av porten til foreldra kjem.

**Overtid:** dersom borna blir henta etter stengt tid (kl 17.00), må de betale ekstra for det. Overtid kostar kr 200, og summen kjem på neste månadsbetaling.

**Planleggingsdagar:** barnehagen har 5 lovfesta planleggingsdagar i året. Desse får de vite om i god tid i forvegen.

**PPT:** barnehagen har tett kontakt med PPT, og vi har faste trefftider her i barnehagen. Personalet og foreldre har høve til å be om råd. Barnehagen kan ikkje be om råd til ditt barn utan løyve frå deg.

**Påskeferie:** barnehagen er stengt onsdagen før skjærtorsdag. Så spør styrar om kva behovet er for mandagen og tysdagen forut – dette for at personalet kan avspassere.

**Redusert foreldrebetaling:** i følgje forskrift skal ingen betale meir enn 6% av den samla inntekta i familien. Søknad om redusert betaling finn de på

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

**Rydding:** vi vil at borna skal lære å rydde etter seg. Fint om de hjelper oss med det ved henting.

**Soving:** born som treng å sove i barnehagen, kan få velje mellom seng eller vogn

**Tilvenjing:** varigheita av tilvenjingsperioden er ulik frå barn til barn. De startar med korte besøk, og så blir opphaldstida utvida etter kvart som barnet tilpassar seg og vert tryggare. Ped.leiar på avdelinga held ekstra tett kontakt med foreldra i tilvenjingsperioden

**Tverrfagleg team:** barnehagen har sitt eige tverrfaglege team som styrar kallar inn 2 gongar pr år. I dette teamet er helsesøster, barnevernet og PPT fast med. Foreldre kan få møte i teamet, og ped.leiarar kan få møte.

**Utstyr som borna treng i barnehagen:** borna treng kle og sko etter kva vêr vi har. I yttergarderoben kan de henge både regnkle og dressar, og på garderobeplassen kan de legge klesskift. Våte kle må de ta med heim. Innesko er kjekt å ha.






**HERØY KOMMUNE**  
HERØY KOMMUNE

## VELKOMEN TIL MYRSNIPA BARNEHAGE

Åsvegen 11, 6080 Gurskøy

70083643

[myrsnipa.bh@heroy-mr.no](mailto:myrsnipa.bh@heroy-mr.no)



Dette heftet er informasjon til dykk som er «ny» i barnehagen.  
Her finn de praktiske opplysningar, informasjon om opningstider og telefonnummer.

Heftet rommer nok ikkje alt de treng å vite – lure de på noko, så spør oss gjerne.

- Personalet -

